

## Referat frå folkemøte om Rv. 41

Onsdag 14.12.2022

### Kyrkjebygda oppvekstsenter

Frå Statens vegvesen møtte byggeleiar Jon K. Bøe og planleggings- og prosjektleiar Tone-Lill Pedersen.

Frå Hovden Hyttetjeneste AS: Yngve Breivegen.

Frå Nissedal kommune: Kommunedirektør Sverre Sæter, næringssjef Styrk Fjærtøft (møteleiar for kvelden), kultursjef Anne Margrethe Espelid, einingsleiar for oppvekst og kultur Reidun Retterholt, avdelingsleiar teknisk Knut Nilsen, avdelingsleiar helse Hild Riseth Fjone, beredskapskoordinator Wenche Grønås, rektor Tveit skule/Nissedal ungdomsskule Marius Vøllestad og rektor ved Kyrkjebygda oppvekstsenter Even Holskar. Møtereferent: Karl Otto Lauvlid.

\*

Statens vegvesen har ei informasjonsside om vegprosjektet:

<https://www.vegvesen.no/vegprosjekter/riksveg/nisser>

Der finn du informasjon om prosjektet og telefonnummer/e-postadresser til bl.a. Jon K. Bø og Tone-Lill Pedersen.

Nissedal kommune kan du kontakte på telefon 35 04 84 00, eller sende e-post eller ringe direkte til einingsleiarar og avdelingsleiarar. Gå inn på heimesida: [www.nissedal.kommune.no/kontakt-oss](http://www.nissedal.kommune.no/kontakt-oss)

\*

Jon K. Bø og Tone-Lill Pedersen frå Statens vegvesen presenterte veganlegget som skal byggast mellom Mjågeto og Kyrkjebygda.

Dette er parsell 3 (av 6 parsellar mellom Treungen og Vrådalen). Vegbreidde: 7,5 meter og skal ha gul midtstripe. Om lag 7 km veglengde, rundt 120.000 m<sup>3</sup> fjell skal sprengast vekk, 80.000 m<sup>3</sup> lausmasse skal flyttast/fjernast, 58.000 m<sup>3</sup> asfalt skal leggjast, 7.900 meter kabelgrøfter, totalkostnad 172 mill. kroner inkl. mva. Veganlegget ferdig sommaren 2024.

Opphavleg plan er endra for områda Mjågeto (sprengje ut meir fjell), Nes (betre kurvatur) og Søftestad camping (vegbanen flyttast litt austover for å «treffe» eksisterande bru på ein god måte).

Stenging av vegen kunne mange tenke seg at heller burde vore gjort på ei anna tid på året, men det er mange omsyn å ta, bl.a. hekketid for vandrefalk (15.04. – 31.07.), heilt opent i samband med jol og påske, omsyn til sommarsesongen på Søftestad camping.

Tid for stenging og delvis stenging av RV 41 er bestemt. Det er tidene som tidlegare er meldt på heimesida til kommunen:

Delvis stengt: 02.01. – 29.01.2023, 13.03. – 31.03. og 11.04. – 09.05. Vegen open kl. 06.30 – 08.30 og kl. 14.30 – 17.00. Open veg i helgene: Fredag kl. 14.30 – måndag kl. 08.30. Vegen heilt stengt frå og med 30.01. til og med 12.03. Vegen heilt open frå og med 31.03. kl. 14.30 til og med 11.04. kl. 08.30. Omkøyringsveg under delvis og full stenging er om Tørdal: FV 358 Treungen – Bostrak og FV 38 Bostrak – Steane.

Kan vegen bli heilt stengt meir enn 6 veker? Representantane for Statens vegvesen og Hovden Hyttetjeneste AS meinte at 6 veker skal vere tilstrekkeleg. Likevel; ein kan aldri gardere seg heilt mot uventa hendingar.

Brøyting? Det vil vere brøytebilar på kvar side av Mjågeto, strekket i mellom blir ordna av vegvesenet og entreprenøren i perioden då vegen er stengt.

Rekkverk langs vegen: Det vil bli mykje meir sikring ved bruk av autovern enn det er i dag. Dette er del av arbeidet med «0-visjonen» - om auka trafikktryggleik. Ei ulempe med desse rekkverka vil vere at det vil bli eit avgrensa tal på stader der ein kan kome seg ut or vegen («stopplommer»). Det vil difor også bli få plassar der ein kan parkere bilen for å kome seg ned til Nisser (badeplassar).

Det vart forklart ein del om endringane som vil skje på delar av strekninga Mjågeto – Kyrkjebygda: Saga ved Nes vil bli riven. Mølla vil bli flytt til Nes. Desse bygga er ikkje freda. Det vart òg stilt spørsmål om krigsminne på båe sider av vegen i området ved Steane/Reinskås (parsell 6; Steane – Vrådal): Desse er heller ikkje freda og ein kan ikkje garantere at dei ikkje vil bli berørt i samband med utbygginga der. (Reguleringsplanen for denne parsellen reknar ein vil bli godkjent i 2023).

Det var ein del spørsmål om mindre bruer og stikkrenner. Bru over Kåsabekken fjernast, blir erstatta av røyr. Stikkrenner som nå er grave over vil bli erstatta med nye røyr.

Spørsmål frå grunneigaren på Nes, som hadde tilbydd vegvesenet å lage stoppeplass der det i dag er mogleg og køyre ut til sida (nedsida av vegen). Vegvesenet hadde ikkje gjeve tilbakemelding på dette tilbodet. Det vart nå svara at plass for å stoppe der ikkje var aktuelt på grunn av rekkverk langs vegen.

Vegstykket frå avkøyring til Nissedal kyrkje og opp til svingen ved tidlegare «Framnes hotell» og «Soknehuset»: Det ligg inne i planen at dette stykket skal oppgraderast (veg og fortau), men det er så langt ikkje løyvd pengar til dette.

Spørsmål om trafikktryggleik i Kyrkjebygda sentrum: Er det mogleg å få fartsdemparar og/eller fotgjengarovergang? Fotgjengarfelt vil vegvesenet helst ikkje lage, statistikken tilseier at desse punkta heller utgjør auka risiko for å bli påkøyrte (fotgjengarane satsar på «rett til å gå»). Både i sentrum og vidare gjennom 60-sona vidare nordover er høg fart eit problem. Ein burde nok ønske fleire fartskontrollar velkomne til bygda. Fartsgrensa vil elles vere 80 km/t (RV 41 frå sør) fram til avkøyring til Grimstveit/Kyrkjebygdeheia – som i dag.

Det kom vidare spørsmål om vegvesenet og entreprenøren var gjort klar over gamle gruvegangar frå gruva på Søftestad, under RV 41 og ut under Nisser. Likeeins om kvaliteten på massene under huskrullen ved gruva – er dette kjent for dei som sprenger og bygger ny veg? Innspelet skulle vegvesenet ta med seg vidare; det kunne godt hende at dette allereie var fakta som var registrert i planarbeidet.

Spørsmål om tryggleiken når det gjeld lausmassar og steinsprang – og varsling dersom vegen blir stengt i periodane som vegen i utgangspunktet skal vere open: Det vil bli skilta tilstrekkeleg og Hovden Hyttetjeneste AS hadde god erfaring med å opprette ei Facebook-side for å varsle raskt. Denne sida skal vere open for alle, utan å måtte vere medlem på FB. SMS-meldingar er òg eit alternativ.

Tunnel ved Mjågeto, er dette vurdert? Det ville bli svært dyrt. Då ville det berre bli den tunnelen og ikkje utbetra veg.

I siste delen av møtet var det dei ulike representantane frå Nissedal kommune som hadde ordet. Kommunedirektør Sverre Sæter sa at ein skal organisere alle kommunale tenester på ein slik måte at ulempene blir så små og få som råd. Beredskapskoordinator Wenche Grønås sa at naudetatane skal fungere som vanleg. Litt auka responstid er likevel noko ein må rekne med.

Hild Riseth Fjone tok føre seg helse- og legetenestene:

- Legetenester: Som nå, videokonsultasjon kan nyttast i enkelte høve.
- Legevaktsamarbeid: Som nå, til Arendal legevakt. Må ha samarbeid med andre kommunar når vegen er stengt. Folk har krav på hjelp der ein bur.
- Heimetenester: Base i Kyrkjebygda.
- Skulehelse/fysioterapi/psykiatri: Dette er under planlegging.

Teknisk avdelingsleiar, Knut Nilsen, tok føre seg Fjoneferja si rolle under vegstenginga:

- Ferja vil ha vinterrute, men med avgangar også kl. 18,19 og 20 på kvardagar, måndag – fredag. Det vil bli køyrt også mellom «heile klokkeslett» - når det står bilar som skal over.
- Det vil ikkje vere mogleg å bestille ferja for ekstraturar.
- Ein må sjølv betale kostnaden ved ferjeturen.
- Fjoneferja er ikkje rekna som omkøyringsalternativ, det vil bli skilta omkøyring via Steane.

Det er mange grunnar til at Fjoneferja ikkje kan reknast som eit omkøyringsalternativ: Det er liten kapasitet, fare for at isen legg seg, utsett for vind og ikkje minst mangel på sertifiserte folk til å køyre ferja (det har blitt gjort forsøk på å rekruttere fleire skipperar). Opplegget for komande vinter er maksimalt av det som er mogleg å få til.

Tekniske tenester og vatn/avløp: Dette arbeidet går sin vante gang, med tilpassingar til situasjonen.

Det er vurdert å stasjonere ein brannbil i Kyrkjebygda, dette er ikkje avklart – treng i så fall ein varm garasje til denne bilen. Det vil bli samarbeid med andre kommunar om naudtenestene.

Reidun Retterholt, einingsleiar for oppvekst og kultur, orienterte om utfordringar knytt til skulen:

- Når vegen er delvis stengt: Skuletilbod som vanleg.
- Når vegen er heilt stengt: Digital undervising i 5 veker (ei av dei seks vekene er vinterferie): Elevar nord for Mjågeto møter på Kyrkjebygda oppvekstsenter. Desse 7 elevane vil følge same digitale undervising som dei elevane som møter på Tveit skule.
- Ein skal ordne skyss for dei elevane det gjeld.

Marius Vøllestad, rektor ved Tveit skule, orienterte vidare om den digitale undervisinga:

- Fokus på tryggleik for elevane. Undervisinga skal vere føreseieleg og ha pedagogisk kontinuitet.
- Nettbasert, digitalt klasserom – via programmet «Adobe Connect».
- Gruppearbeid.
- Dei faste lærarane underviser.
- Timeplan som vanleg.
- I januar skal elevane bli godt kjende med systemet, slik at dei er klar for perioden med stenging av vegen.

Anne Espelid og Reidun Retterholt orienterte om korleis vegstenginga vil verke inn på ulike kulturtilbod:

- Kulturskulen kvar onsdag: Når vegen er heilt stengt kjem lærarane til Kyrkjebygda og til Treungen anna kvar veke. Når vegen er delvis stengt vil det bli ei løysing som ikkje er heilt klar: Anten buss frå Treungen til Steane, og foreldre/føresette må hente elevane der – eller buss Treungen til Nissedal. Den siste løysinga krev at det er mogleg å kome forbi Mjågeto innan kl. 17 – og det vil vere vanskeleg å kunne rekke dette. Det er godt samarbeid med bussoperatøren Vy. Endeleg løysing vil bli informert om seinare.
- Bibliotek: Fjernlån mogleg (bokkasser).
- Symjeopplæring, når vegen er heilt stengt og delvis stengt: Behovet blir vurdert av rektorane.

- Kino: Dessverre ikkje mogleg å flytte kino til Kyrkjebygda.
- Skulehelseteneste: Det blir arbeidd med saka, vil prøve å få helsepersonell til å besøke Kyrkjebygda.
- Skuleskyss via Fjoneferja: Dette er ikkje mogleg, på grunn av strenge reglar for skuleskyss. Bruk av Fjoneferja til transport frå/til andre aktiviteter: Foreldra må velje det dei meiner er best.

Det kom fram spørsmål om kva Nissedal kommune hadde gjort for å ha kontakt med Statens vegvesen om rasteplassar, stopplommer osb. Dette var det ikkje mogleg å svare på under folkemøtet, verken frå kommunen eller vegvesenet. Dette vil bli undersøkt nærare.

Informasjonsmøtet gav svar på mange spørsmål. Det blir stadig arbeidd med å få best mogleg løysingar på utfordringane innbyggjarane og tilreisande vil støyte på det neste halvåret. Det blir ein dugnad for å få mest mogleg til å fungere best mogleg – men i påvente av ein ny veg å sjå fram til, så klarer vi dette med felles innsats.

\*

Nøl ikkje med å ta kontakt med Nissedal kommune, Statens vegvesen og Hovden Hytteservice AS når du lurar på noko som gjeld bygging av denne nye riksvegparsellen.

Og følg med på Nissedal kommune si heimeside: [www.nissedal.kommune.no/rv41](http://www.nissedal.kommune.no/rv41)